



## Invitasjon til elevstemnet 2019 - laurdag 22. juni!

### Til alle 5-års-, 10 års-, 20 års-, 25 års-, 30 års-, 40 års-, 50 og 60 års-jubilantar

Tida går raskt. Dokke som var elevar ved skulen skuleåret 1958/59, 1968/69, 1978/79, 1988/89, 1993/94, 1998/99, 2008/09 og for fem år sidan; kullet 2013/2014, er jubilarantar og historiske personar ved Møre Folkehøgskule i Ørsta.

Vi vil invitere til eit treff der alle kan leite fram gode minner og opplevingar, og dyrke venskap som vart skapt då ein var elev ved Møre folkehøgskule. Vi vil òg nytte høvet til å fortelje litt om kva skulen er i dag, kva aktivitetar som er i gang, kva som skjer på linjene og generelt på skulen. Det blir møter med tidlegare lærarar og vi serverer både middag og litt program.

Elevstemnet er i år lagt til laurdag 22. juni 2019. Mange kjem allereie dagen før og organiserer eit "ekstra-treff". Ein kan bestille overnatting og frukost på skulen og nytte skulen sine lokalar.

### Program for dagen 22. juni 2019:

- 12.00 – 13.00: Lunsj
- 15.00: Samling i peisestova. Info om skulen i dag, linjer og turar. Møte med tidlegare lærarar.
- 17.00: Festmiddag med program i matsalen. Det er alltid kjekt om nokon av kulla, eller einskildpersonar, kan bidra med litt program/underhaldning.
- Når tida fell naturleg, blir det kaffi og kaker.

Vi oppmode alle jubilarantar til å ta med gamle bilete, songbok med helsingar frå medelevar m.m. Dette er alltid kjekt å sjå igjen. Ikkje minst set vi pris på bidrag til programmet.

### Overnatting

Vi kan tilby overnatting til dei aller fleste som kjem reisande. Ta kontakt med skulen for å bestille rom. Prisen på overnatting pr. natt i dobbeltrom er kr. 400,- pr. person. Enkeltrom kr. 500,- inkl. frukost. Skulen har betalingsterminal og Vipps-nr.

### Servering

Skulen har generelt skjenkeløyve. Baren er open:

- Fredag frå kl 18.00 – 02.00.
- Laurdag kl. 13.00 – 02.00.

NB! Det er ikkje lov å nyte medbrakt alkohol på skulen sine fellesareal.



## Om påmelding og fristar:

### Påmeldingsskjema

Gå til skulen sine nettsider og bruk **påmeldingsskjema** som du finn i menyen øvst på nettstaden [www.more.fhs.no](http://www.more.fhs.no) under menypunktet «Siste nytt».

### E-post og telefon

Du kan og sende e-post til skulen på adressa [kontor@more.fhs.no](mailto:kontor@more.fhs.no) eller ringe på telefon 70 04 19 99

### Pris og betaling

Pris for deltaking/servering på stemnet er **kr. 300,-**. Vi ber om at deltakarar betalar inn på førehand på konto nummer 3910.52.51290. Merk betalinga med «Elevstemnet 2019». Betaling for overnatting skjer på skulen.

### Ta kontakt med medelevar!

Det er lurt å bruke telefonen eller sosiale media, og ta kontakt med andre frå ditt kull for å "mobilisere". Mange lurar på om det er andre som kjem, og treng eit "spark bak" for å ta laust. For nokre av årskulla er det òg oppretta eigne grupper på Facebook. Leit etter ditt årskull på <http://www.facebook.com/MoreFolkehogskule>.

Vi legg ved ei liste over jubilantane. Vi manglar nokre adresser – nokre er kanskje for gamle, andre har kanskje flytta. Kan du hjelpe? Ta i så fall gjerne kontakt med skulen!

**Svarfrist på denne invitasjonen er fredag 14. juni 2019.**

## Velkommen tilbake til Møre folkehøgskule!

Einar Opsvik  
Rektor